

«Streikegeneralen» Rune Frøyland

## Med rett til å streika

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

Psykolog og fagsjef ved Østbytunet, visepresident i Psykologforeningen, forhandlingsleiar i Akademikerne helse, og no også streikeleiar. Rune Frøyland har mange hattar å sjonglera.



**TIL DISPOSISJON:** – Det har vore av lyst, aldri av plikt, seier Rune Frøyland, som alltid har stilt seg open for tillitsverv.

Tidlegare når eg har møtt Rune Frøyland, har han alltid vore på veg mellom to møte. «Det er heile sanninga om denne mannen,» har eg tenkt. Men etter å ha teke bussen ut av Oslo og inn over Romerikes roleg avrunda jordbruksland, gått langt nok opp den slake gardsvegen til å fått tid til å lura på om eg har kome feil, funne eit koseleg tun med eiga raudmåla skulestove, stabbur og internatbygg, og blitt vist inn til kaffi og bagettar på psykologen sitt fredfulle kontor, skjønar eg at biletet mitt treng drastiske justeringar. Eg let han byrja med å fortelja om institusjonen der han har sin daglege dont.

– Her ved Østbytunet har vi tre døgnavdelingar med til saman 22 born frå åtte til 13 år. I tillegg har vi ei familie- og nettverkseining som jobbar ambulant på skular. Med 50 behandlarar og 18 lærarar i tillegg driv vi nok eit av Noregs best bemanna tilbod, seier Rune Frøyland.

## Fagsjefen

Han fortel at svært mange av borna dei kjem i kontakt med, har «ein ADHD i botnen». Andre har Tourettes eller Aspergers syndrom. Men lidningane har vore uoppdaga gjennom år, og oppførselen deira er i staden blitt fortolka som at dei er uskikkelege. Foreldra blir kjeftande og negativt påpeikande. Slik oppstår det eit utarmande utviklingsmiljø. Nokon seier at born treng sju positive tilbakemeldingar for kvar negative. Andre meiner forholdstalet bør vera 21 til ein. Men desse borna har opplevd det motsette: Dei har minst fått 21 negative responsar for kvar positive. Ofte blir dei då heller ikkje i stand til å oppfatta den eine positive.

– Vi prøver å gjera det stikk motsette. Vi overser alt det normativt sett negative, og leitar i staden etter det positive, seier Rune Frøyland.

– Snuoperasjonen tek gjerne halvtanna år. All kjeften har gjort desse borna ekstremt vaksame. Dei er hypersensitive for å bli kritisert. Vi må få dei til å stola på at vi ikkje kritiserer. Men born treng å kjenna seg trygge på det som skjer. Når dei så opplever store endringar i responsen frå vaksne, gjer dei alt dei kan for å oppnå den negative responsen dei er vande med og trygge på. Dei vil ha oss til å bli avvisande vaksne. Det første året blir difor svært turbulent. Dei testar oss ut. Det kan vera tøft å jobba med desse borna, fortel Frøyland.

Og det er veldig fort gjort å falla tilbake til alminneleg oppseding eller såkalla sunn fornuft.

– Det hjelper ikkje her. Ein treng ei anna utviklingsforståing, og då er psykologisk kompetanse heilt avgjerande, seier fagsjefen, som er ein av heile fem psykologar som jobbar på Østbytnet. Då han i 1984 kom til staden som nyutdanna spesialist i borne- og ungdomspsykologi, var han den einaste.

– Sidan eg byrja her, er talet på psykologar auka med 500 prosent, smiler han.

Frøyland fortel om ein god arbeidsstad som ikkje er redd for endring, og med ein masse engasjerte folk som inspirerer kvarandre.

– Vi har utvikla oss heile tida, og har fått eit godt renommé. I tillegg har eg vore visepresident i Psykologforeningen heile tida. Då har det vore greitt å ha ein innarbeidd arbeidsstad, noko som gjev fleksibilitet.

## Visepresidenten

Visepresident sidan han var 31 år? Dette krev ei nærare forklaring. På oppfordring fortel Rune Frøyland at dei heile starta i 1980. Då jobba han ved eit PP-kontor i Akershus med ein sjef som hadde det med å laga konflikhtar ut av sjølvsagte ting, og Frøyland blei engasjert som tillitsvald. I tillegg var det då sterke røyster blant skulepsykologane som ville at dei som gruppe skulle melda seg ut av Psykologforeningen. Det høyrer med til historia at ikkje alle som på den tida blei kalla skulepsykologar, var psykologar.

– Vi såg splittinga som ein stor fare, og eg enda – på skulepsykologane sitt rabalderårsmøte på Sanderstølen – med å fronta sterkt at alle psykologar skulle vera med i Norsk Psykologforening.

Etter denne første sigeren blei Frøyland engasjert som skulepsykologane sin representant i Løns- og arbeidsmiljøutvalet til Psykologforeningen (LAU). Og då leiaren av LAU automatisk er nestleiar i Psykologforeningen, viste vegen til Sentralstyret seg å vera svært kort.

– Det kjendest ganske trugande. I ein alder av 31 år var eg nestleiar i eit styre fullt av erfarne, solide menneske som var mykje eldre enn meg. Dei var vel i femtiåra, smiler femtittreåringen.

Den første perioden var han heller skjelven. Det var ikkje bare bare å ta ordet i denne forsamlinga.

– Eg har forstått at mange har det slik til å byrja med. Læringskurva blir ofte bratt. Slik blei det òg for meg.

## Den normale

Som sekstenåring kom Rune Frøyland frå Hetlevik på Askøy, ei av dei største øyane i skjergarden utanfor Bergen, til Austlandet og byrja på gymnas i Groruddalen. Drabantbyen i nordenden av Oslo har sidan mellom anna fått sjå han gifta seg og få tre ungar. Den eldste er i seinare tid blitt psykolog, og har jamvel flytta attende til faren si barndomsbygd.

Rune Frøland meiner det er tilfeldig at han blei psykolog, men fortel om presten i Groruddalen som (truleg utilsikta) ein gong fekk det til å gå ein liten djevel i han.

– Han spurte meg kva eg ville bli. Då eg sa at psykolog var noko eg hadde tenkt på, svara presten «Er ikkje du for normal til å bli psykolog?». Det «trigga» meg, fortel Rune Frøyland.

Eg spør om ikkje Rune Frøyland, med CV-en full av tillitsverv og fagforeiningserfaring, burde vore organisasjonspsykolog og ikkje barnepsykolog.

– Eg har aldri vore interessert i å jobba individualterapeutisk med vaksne. Då eg utdanna meg, var det ingenting som heitte organisasjonspsykologi, men eg har heile tida gått i ei sosialpsykologisk lei og vore oppteken av kommunikasjonsorienterte tilnærmingar og det å kommunisere inn i eit system. På mange vis er det jo det arbeidet her på Østbytunet handlar om òg.

I tillegg har han alltid vore glad i det han kallar saksorientert sosial omgang med andre. Og dei siste vekene har han nok fått dyrka denne interessa meir enn alminneleg intenst. Streik er heldigvis ikkje kvardagskost.

## Streikegeneralen

– Heilt utruleg. Utruleg godt!

Slik svarar Rune Frøyland når vi ber han gje att sitt eige inntrykk av korleis det gjekk med den nyleg avslutta streiken i Akademikerne helse.

– Det var heilt nødvendig med streik for å få til den fleksibiliteten som ikkje var der før streiken, og heller ikkje i dei uoffisielle samtalanene under konflikten. Etter åtte dagar hadde arbeidsgjevarane fått nok og gav etter. Dette var eit direkte resultat av lengda på streiken, og av det at folk heldt ut.

Frøyland er altså nøgd med fruktene av streiken. Men i tillegg er han nøgd med måten det heile gjekk for seg på. Dette er den einaste streiken i denne sektoren i Noreg – nokon gong – som ikkje har enda i tvungen lønsnemnd. Det er med andre ord grunn til å gratulera begge sider. Frøyland kallar det ein ansvarleg streik, og ei ansvarleg og god løysing.

– Vi i Akademikerne helse fekk det til å skje, gjennom å ta i bruk streikemidlet. Men vi deler æra for løysinga med arbeidsgjevarsida.

Han understrekar at ein gjerne skulle vore forutan streikeerfaringa. Det er jo ønsket om dette som ligg bak alt forhandlingsarbeid. Ein streik er strevsamt for alle som er med, og den går alltid ut over ein uskuldig tredjepart. Men når det først gjekk så gale, så ser han det som ei svært nyttig erfaring.

– Har denne streiken gjort at det å ta i bruk streikereiskapen i framtida sit lenger inne?

– Nei. Det motsette! Streiken var godt planlagt og godt gjennomført. Den var eit enormt lagarbeid. Vi hadde god intern kommunikasjon mellom forhandlarar og leiing. Vi har vist at vi kan stå sterkt på nødvendige krav. Mange trudde Akademikerne Helse ikkje var i stand til å streika. Det

har vi no motbevist. Men ansvarlege organisasjonar vil jo aldri spekulera i streik, understrekar Rune Frøyland.

## Den tillitsvalde

– *Kva var essensen i streiken?*

– For det første er det viktig å få fram at grunnlaget for brot i forhandlingane og grunnlaget for at vi gjekk ut i streik då meklunga mislukkast, ikkje var det same. Forhandlinga braut saman fordi vi verken var nøgde med ordningane for sosiale tiltak og pensjon eller med rammevilkåra for framtidige forhandlingar av desse, seier Frøyland.

– I tillegg var det viktig for oss å halda fast ved ordninga med særleine forhandlingstidspunkt og løpetider for avtalane til Akademikerne helse, ei ordning arbeidsgjevarsida sjølv var med på å innføra i 2002. I dei siste forhandlingane ville dei derimot fjerne ordninga. Men den er viktig for oss, fordi vi vil at sjukehusa skal bruka løn aktivt for å halda på spesialistar, utvikla tilbodet, rekruttera nye folk og halda på konkurranseutsette grupper. Alt dette førte til at forhandlingane gjekk i stå før vi i det heile kom fram til punktet på saklista som handla om løn.

Meklingsinstansen er alltid konservativ, og tradisjonen tru kom riksmeklingsmannen med eit forslag som innebar å halda fast ved den dåverande ordninga. Her blei derimot lønsspørsmålet avgjerande, og ein kan seia at Akademikerne helse gjekk til streik grunna usemje om *prinsipp* for korleis løn skulle gjevast.

Forhandlingsleiaren har stor forståing for at det må vera veldig komplisert for medlemene å følgja med på kva dette faktisk handlar om.



AKADEMIKARAR I STREIK: (Frå venstre) Lege og streikeleiar ved Akershus universitetssykehus HF (Ahus) Kjersti Baksaas Aasen; psykolog ved Ahus, Hilde Gravenstein; Tone Wright frå Juristforeningen og Julius Okkenhaug, psykolog og

hovudtillitsvald i den lokale streikekomiteen ved Ahus. Biletet er teke under streikemarkeinga på Fridtjof Nansens plass i Oslo 24. januar i år.

– Denne gongen var det ekstra mykje. Men forhandlingsarbeid *er* innfløkt.

Han er også fullt på det reine med at det er snakk om eit tillitsforhold mellom dei som forhandlar, og resten av medlemene. Ei tillit som i den siste tida har vist seg gjennom ei mengd oppmuntringar og støtteytringar, andlet til andlet, på e-post og i tekstmeldingar.

– *Kva hadde resultatet blitt for psykologar som er tilsette ved eit sjukehus, dersom de hadde teke imot tilbodet frå NAVO-Helse?*

– Det var eit krav som blei kalla tilbod. Vi ville kome ut av det som ein sterkt svekka interesseorganisasjon. Sosiale ordningar ville måtta forhandlast lokalt på sjukehusa av Psykologforeningen, som representerer om lag 2000 arbeidstakarar, mot Akademikerne helse sine 12 200. Dette ville til dømes ført til ulike ordningar for løn under langvarig sjukdom, ulike pensjonsordningar og dårlegare løn generelt. Arbeidsgjevarane kunne avgjort løna åleine, utan å vera redd for konsekvensar, fordi ein ikkje ville hatt streikerett ved lokale forhandlingar. No har vi sikra at arbeidsgjevarane må møte seriøst det dei tillitsvalde fortel om utfordringar og behov.